



Den lovande Uskedalskeeperen Karsten H. Bjørnebøle har full kontroll.

**Norway Cup er i gang, og denne veka vil mange unge fotballspelarar frå Uskedalen nytta dagane på Ekebergsletta. Uskedal IL stiller lag i G14 og J14 klassen, mendant mange uskedelingar spelar på lag som vert administrert av Rosendal turnlag. Dei stiller med til saman 7 lag.**

Fleire av laga fekk ein flott start søndag. G14- laget til Uskedal vann 3-1 over Tjørvåg i ein kamp der dei i følgje trenar Tommy Eidsvik var prega av alvor og opna nervøst. To seine scoringar sikra sigeren til laget som Eidsvik meiner har meir å by på spelemessig. Det var Mathias Børve(2) og Anders Myklebust som scora. Jentelaget til UIL gjekk på eit knapt 0-1 tap mot Hareid i ein spennande kamp.

G16 laget til Rosendal/Uskedal, med mange uskedelingar på laget, starta også godt og noterte seg for ein solid 5-1 siger mot Hødd 2. Trenar Odd Steinar Arnesen melder at gutane tok tak i kampen frå start og styrte heile vegen. Jeppe Solheim Søllesvik scora 2 av måla, medan uskedelingane Martin H. Arnesen, Bashar Khalo og Kristian Klette Hansen sette inn dei resterande 3.

#### **I dei andre kampane vart reultata følgjande:**

- Gutar 13: Nordby IL - Rosendal 2-2
- Gutar 14: Rosendal - Ørje IL Grønn 9-0
- Gutar 15: Hamkam - Rosendal 1-0
- Jenter 13: Vålerenga - Rosendal 6-1
- Jenter 14: Heming IL - Rosendal 0-2
- Jenter 15/16: Rosendal - Håkvik 0-9.

Kan elles nemna at alle laga frå Rosendal/Uskedal(så sant det lar seg gjera) livestreamar kampene sine på facebook. De kan evtuellet følgja desse sendingane på sida Rosendal - fotball Liveoppdateringar.

Vi håpar å få sendt rapportar og bilde frå kampene på Ekebergsletta utover i veka slik at vi kan formidla det vidare.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Jan Øvstebø